


Treet si dagbok

# Eit tre fortel om kvardagen sin



Skogselskapet er ein ideell medlemsorganisasjon, med sentraladministrasjon i Oslo og 16 fylkes-skogselskap frå Finnmark i nord til Agder i sør. Våre satsingsområde er skog som folkehelse, skog som klimavinnar og eit godt skogbruk.

Skogselskapet har arrangert skuleskogdagar i over 100 år. Målet er å skape forståing for skogen sitt kretsløp, og verdi som råstoffkjelde, rekreasjonsområde og leveområde for plantar og dyr.

Skogselskapet arrangerer òg Kong(l)e for ein dag.

«Treet si dagbok» er ein oppdatert tekst henta frå Skogselskapet sine arkiv.© Illustrasjonar: Ulf Dreyer ©



**SKOGSELSKAPET**

## Her bur eg

Hei! Eg heiter Gran. Eg er 10 år og omtrent så høg som eit juletre. Før var eg ganske sjenert, men no synest eg det er hyggeleg å prate med folk.

Kan du finne meg viss du går tur i skogen? Greinene mine har korte, grønne barnåler. Nokre synest barnålene stikk litt – nesten som små kaktusar? Eg er ikkje så stor at eg har fått kongler enno, men det kjem visst når eg blir vaksen.


Menneske seier ofte at tre bur i skogen. Det er berre tull. Det er me som er skogen. Viss ikkje me hadde vore her, hadde det ikkje vore nokon skog. Menneske er rare. Men her står me, då. I sol og regn og snø og vind.

Det er flest grantre her. Men veit du kor mange andre treslag som finst? Hint: Det er over 30! Nokre av dei heiter furu, bjørk og eik. Furu har lange, grønne barnåler og liknar faktisk litt på meg. Veit du korleis du kan kjenne igjen bjørk? Barken er på ein måte huda til trea. Bjørk har kvit bark, som ser ut som om den har fått måling på seg!



Neste gong du er i skogen, prøv å finne tre som ser ut som meg! Kor mange grantre kan du telje?

Sjølv om me står på same stad heile tida, er vi ikkje late. Nokre kallar meg for miljøarbeidar. Eg synest superhelt er betre. For det er akkurat det eg er. Naturen sin superhelt!



## Eg reinsar naturen

Eg kan love deg éin ting: Me har veldig mykje å gjere sjølv om me står heilt i ro. Ei av oppgåvene mine er å reinsa lufta. Eg er ein skikkeleg luftreinsingsproff. Barnålene hjelper meg å fange skadelige gassar, som eg bryt ned.

Me kan seie at eg et sollys og karbondioksid til frukost. Røtene mine er som sugerøyr ned i bakken. Med dei drikk eg mykje vatn.

Til middag lagar eg oksygen og mat for heile skogen. Kjenner du nokon som kan betre magiske triks enn det, kanskje?

Me tre er naturen sitt eige renseanlegg. Men vi kan ikkje gjere jobben heilt åleine. Alle må hjelpe til, så det ikkje blir for mykje forureining. Kanskje du kan vere med å plante ein ven til meg ein gong? Tre likar selskap.

# Eg er viktig for klimaet på jorda



Me tre har ei viktig oppgåve! Det me gjer, er viktig for heile jordkloden. Du har kanskje høyrte at klimaet forandrar seg. Klimaet hadde forandra seg endå fortare utan oss.

Me gjer ei viktig oppgåve akkurat der du bur òg. Visste du at me held på den varme lufta om natta, og kjøler ned den verste varmen om dagen?

Me roer vinden òg, sjølv om det av og til kan bli litt mykje. Når det bles hardt, knekar

greinene til dei store trea. Viss det berre bles litt, er det nesten som massasje. Høyr godt etter neste gong. Det er nesten som vinden syng i greinene!

Eg er glad for at eg står saman med mange andre tre. Når det bles mykje, lagar me ly for kvarandre.

Når det er mykje snø, kjenner eg meg som ei kake med for mykje glasur!

## Det blir fleire av oss

Eg er heldig som veks her i Noreg. I mange andre land blir det mindre skog. I Noreg er det tre gonger så mykje skog som for 100 år sidan!

Men eg er akkurat som deg. Eg veks ikkje inn i himmelen, og eg lever ikkje evig.



Tre har litt forskjellige oppgåver. Alle tre samlar karbon medan dei veks. Nokre tre skal vekse så lenge at dei døyr og rotnar. Det er viktig for alt det andre livet i naturen. Dyr, insekt, plantar og sopp treng faktisk gamle og døde tre òg.

# Me har forskjellige jobbar

Andre tre skal bli materialar.  
Dei kan bli store hus og møblar  
og alt mogleg rart.

Nokre tre blir til og med til klede,  
medisin og sminke. Og vanilje-  
smak! Når du et is og sjokolade,  
er ofte smaken noko som heiter  
vanillin. Det kan lagast av tre. Det  
er det ikkje så mange som veit!

Eg har lurt litt på om eg skal  
bli juletre. Då kan eg bu  
inne med deg i desember.  
Du kan pynte meg, og me  
kan sjå film saman. Berre ikkje katten din  
velter meg! Etter jul kan eg brytast ned og  
bli til eit nytt tre, eller noko anna i naturen.

Eg har ikkje bestemt meg heilt enno, då.  
Kanskje vil eg heller bli ei bok. Men kva  
slags bok? Har du nokre forslag til meg?  
Kanskje eg skal skrive ei bok om meg sjølv.



Eg synest det er fint at tre kan brukast til  
mange ting. Me blir på ein måte ikkje borte  
– me blir berre til noko anna. Men skogen  
må ikkje brukast opp. Du må love meg at  
du hjelper til å passe på den. Skogen er litt  
som ein sparegris. Du kan ikkje tømme den  
heilt.





## Kom ut til meg!

Synest du eg skryt? Då må du halde deg fast. Eg er nemleg ikkje ferdig.

Kvar gong du er på besøk hjå meg i skogen, får du ein usynleg presang av meg. Eg og dei andre trea skil ut nokre stoff som er bra for helsa di. Både kroppen din og hovudet ditt blir friskare av å vere saman med tre. Forskarane har studert det, så det er ikkje noko eg finn på.

Det er ikkje slik at me må henge saman heile tida. Du treng berre å kome innom to timar i løpet av ei veke. Det er faktisk mindre enn tjue minutt kvar dag.

Skogen liknar litt på ein by. Me har travle maur-gater. Om sommaren og hausten er det matbutikkar overalt – eller blåbærtuer og sopp, då.

Det er ofte stille i skogen. Mange likar det. Det er fint å sitte på ein stein og høyre fuglane. Kanskje tenne eit bål.

Viss du sit tett inntil meg, merkar du kanskje at det rykkjer i meg når ekornet spring oppetter stammen? Det er fordi det kitlar sånn. Ekornet trur det eig meg. Du kan springe din veg når nokon kitlar deg, men eg må stå heilt i ro.

Me står til og med så stille at fuglane byggjer reir i oss. Visste du at 85 forskjellige fuglar bur mest i skogen?

Neste gong du går i skogen, kan du finne meg og gi meg ein klem? Eg lovar å ikkje kitla deg.

Men du? Du og eg er eit superteam! Eg reinsar lufta, og du passsar på at skogen ikkje forsvinn. Høyrest ikkje det bra ut?

